



Friheim Gardsmat er no produksjonsklåre og selde bra på haustmarknaden. Her konstaterer Kurt Inge Miljeteig, Bjørg Inga Miljeteig og Camilla Jensen at første forsyninga av pølser er tom, og at meir må hentast. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Med tanke på at dette var første gongen og at vergudane ikkje var heilt med på leiken, fekk haustmarknaden på parkeringsplassen til Spar Uskedalen ein god start laurdag. Det var også konklusjonen til Bente Nilsen og Gunn Mari Moberg. Frammøtet var ikkje overveldande, men som venta.**

- Dette er noko vi fekk ideen til heller spontant, for stutt tid sidan. Vi har hatt for lita tid til grundig planlegging. Dette er berre starten. Neste år skal vi ha meir kjøtt på beinet, lova dei to då uskedalen.no bad om ein konklusjon. Det var sett av seks timar til marknaden, men den vart runda av etter fire både på grunn av regn og fordi einskilde av matprodusentane hadde gått tomme. Tiltross for den stutte planleggingstida, var det lagt for dagen stor oppfinnsomheit og fantasi frå dei som baud fram noko, ikke minst frå den yngre generasjon.

Eit av dei mest interessante og lovande tilboda knytta seg til Friheim Gardsmat. Familien Miljeteig har no rydda alle formaliteter av vegen og er i gang med produksjon av fleire slags pølser og bacon i eit moderne og velutstyrt anlegg. Produkta dei kom med til marknaden gjekk raskt unna og dei måtte snart opp i dalen for å henta meir! Og med det samme vi er inne på produkt frå dalen: Thomas Mathiesen baud fram åtte sekkar ved som guten hadde saga og hogd opp sjølv - med handsag og øks. Salet gjekk litt tregt, men problemet vart løyst ved at ein annan produsent kjøpte veden!

Og den andre produsenten var ingen ringare enn Magne 'Malar' Eik, som denne gongen slo til i ein ny bransje – som epleprodusent! Han fortalde at han har 17 sorter eple heime på Steinsletto, men han baud sjølsagt ikkje fram alle på marknaden. Magne var med på at malingsbransjen nok er sikrere enn fruktbransjen.



Aleksander Rebaudo selte heile verda

(ein globus) for 40 kroner. Han hadde en stor og spanande stand saman med syster si, Elisabeth (9). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var elles mange både nye og brukte varar. Størst interesse vekte nok den fine og EU-godkjende, 18 år gamle Mazdaen som Jan Henrik Hansen baud fram for 22.000 kroner. Og så var den gått berre 155.000 kilometer!

Den stod utruleg nok useld då marknaden var over.

Spennvidda mellom produkter og tenester var ellers stor: Ein kunne få kjøpt fire felgar til Mercedes for 600 kroner, bido for 340 kroner, ein sekk ved for 40 kroner, Uskedalspølse frå Friheim Gardsmat for 90 kroner kiloen og ein vaffel for ti kroner.



Gunvor Myklebust fekk pussa opp neglane sine av negl-designar Ida Legland (13). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Lakkering av 10 neglar kosta 12 kroner. Jentene som hadde dette fristande tilbodet hadde ikkje heilt klart for seg kva dei skulle gjera med pengane. Ei ville kjøpa snop og ei anna ville setta dei i banken!

Viss ein skal komma med eit framlegg som kan gjera marknaden betre, må det vera at det bør settast opp ei 'pølsebu'. Av biteti var det eit godt utval, til dømes lokka duoen Karoline Neset og Gaute Moberg med nysteikte vaflar og Inger Moberg med melkekake.

Skal ein legge til at ynskje nummer to, må det vera at det blir eit musikalsk innslag neste år. Det hadde det nok vore denne gongen og viss ikkje skulemusikken hadde reist til Karmøy på festival denne helga.

Ei tredje ynskje måtte vera at lag og organisasjonar får nytte eit høve som dette til å presentera seg og knytte til seg nye medlemmer.



Thomas Mathiesen fekk seld veden sin til slutt (Foto: Ola Matti Mathisen)



Arnhild Lunde frå Herøysund hadde med seg ein imponerande produksjon av strikkevarer. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men noko av det viktigaste med ein slik marknad er det sosiale: Her får uskedelingane (og andre) møtast, ta ein pust i bakken og få seg ein god laurdagspr